



Sveio, 27.03.2017

HØYRING OM NYTT ORDENSREGLEMENT

Det er kommunen si plikt å sørge for at det vert fastsett eit ordensreglement for skulane dei eig. At ansvaret ligg hos skuleeigar følgjer av opplæringslova §§ 2-9 og 3-7.

Ordensreglementet skal gi klare og føreseielege reglar i skulekvardagen, og bidra til eit trygt og godt skulemiljø. Eit felles ordensreglement medverkar til like reglar, tiltak og sanksjonar for elevane, uansett kva skule i kommunen dei er elev ved. Ordensreglementet skal vera med på å skapa eit godt forhold mellom elevane, og mellom elevar, lærarar og andre tilsette.

Noverande ordensreglement er frå 01.02.2010, men med ein ny § 6 om mobilbruk for ungdomstrinnet, frå 01.08.2016. Det nye ordensreglementet er utforma etter eksempel i rundskriv frå Udir, og formuleringane er tilpassa, og heimla i, gjeldande lovverk. Det er felles for alle trinn, og der lovverket skil mellom barne- og ungdomstrinnet, kjem dette klart fram. Ordensreglementet skal vera lett å ta i bruk, både for tilsette og elevar. Det er lagt vinn på å vera tydeleg, utan at det vert altfor detaljert.

På grunn av kommande endringar i opplæringslova (§ 9A) og kva paragraf ordensreglementet kjem inn under, er det teke med ei formulering som gjer at ordensreglementet kan endrast der det viser til lovverket, utan at det må politisk behandlast på nytt.

Arbeidsgruppa har vore sett saman av rektor Torhild Opedal, inspektør Lene Lier og underteikna. Det nye ordensreglementet har også vore drøfta i siste rektormøtet.

Høyringsinstansar er:

Rådsorgana ved skulane
Skuleleiarar
Fagorganisasjonane
Andre som har merknader og innspel

Høyringsnotatet og forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Sveio kommune vert sendt til skulane for vidareformidling til rådsorgana der. Ein finn også alt på kommunen sine nettsider, www.sveio.kommune.no

Skriftlege uttalar og merknader skal sendast:
Sveio kommune, Postboks 40, 5559 Sveio, eller e-post: postmottak@sveio.kommune.no

Frist for uttale: 24.04.2017

Med helsing

Solfrid Myhre
Skulefagleg rådgivar